

Naustdal Kommune



Gjenvinningsstasjonane finn du på følgjande stader:
Einestølen/Hesjedalen avfallsplass.

Opningstider:

Mandag	: 09.30-17.00,
Tysdag	: 10.00-18.00,
Onsdag	: 08.30-16.00,
Torsdag	: 08.00-15.00,
Fredag	: 07.30-15.00

På stasjonen finn du containerar for:

- Papp/papir
- Kvitevarer / EI-produkt
- Stålskrap
- Treverk og likn
- Anna avfall : (Betalingsavfall)

(NB! Våtorganisk skal i din eigen restavfallsdunk), Betalingsavfall.

Det er strengt forbode å setje avfall utanfor inngjerdinga, slik åtfærd medfører straffeansvar!

Glascontainerane finn du på følgjande stader:

- Einestølen / Hesjedalen avfallsplass
- Fjordbutikken
- v/kommunehuset i sentrum.

Klart og farga glas og metallboksar kan no blandast i glasigloane til SUM. Det er etablert sorteringssystem ved Norsk Glassgjenvinning sitt anlegg som sorterer fraksjonane i etterkant.

Glaset som du legg inn, skal vere reint utan kapslar / korkar o.l., papiretikettar treng ikkje fjernast.

Containerane for farleg avfall finn du på følgjande stader:

- På gjenvinningsstasjonane, opningstider som desse.

Renovasjonsordning for fritidshus

Det er plassert ut dunkar som skal nyttast av dei som betalar renovasjonsgebyr for fritidshus.

Hyttedunkane står slik:

- Russenes
- Parkeringsplass v. Vonamarka
- Thingnes/ Fjordbutikken
- Kommunehuset
- VedCOOP Kalland
- Ved tekn. sentral Reiakvam
- Fimland /Fimlandsbua
- Parkeringsplass Øybostbrua / Åsedalen
- Ved gamle Helle Skule

Rettleiingar:

Alle gjenvinningsstasjonane vert no inngjerda og låste utanfor opningstida oppgitt nedanfor. Dette har dessverre vorte nødvendig på grunn av for mykje feilleveringar og manglande sortering. Men dette gjer også at dei som vil levere, vil få betre rettleiing gjennom operatørane på stasjonane, som alltid skal vere tilstades i opningstida.